

7

**ELDHUS PÅ BOGATUNET, GNR. 53, BNR. 8 OG 17, RADØY KOMMUNE
ERKLÆRING OM AUTOMATISK FREDA BYGGVERK**

I samsvar med lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne (kml) § 4 tredje ledd er erklærte ståande byggverk med opphav frå perioden 1537-1649 automatisk freda, dersom ikkje anna er bestemt. I samsvar med Forskrift om fagleg ansvarsfordeling m.v. etter kulturminneloven § 1 nr. 1, er Riksantikvaren rette instans til å gi ei slik erklæring.

Riksantikvaren erklærer med dette at eldhus på Bogatunet, gnr 53, bnr 8 og 17, Radøy kommune, er automatisk freda:

- Eldhus på Bogatunet, GAB-nr: 176143258

Omfanget av fredinga

Fredinga gjeld byggverket sitt eksteriør og interiør, inkludert veggfast inventar.

Fredinga omfattar i tillegg ei sikringssone på 5 meter rekna ut frå den synlege ytterkanten av byggverket, jf. kml § 6 andre ledd.

Følgjer av fredinga

Kml § 4 tredje ledd gir § 15 fjerde ledd tilsvarande bruk for automatisk freda byggverk frå perioden 1537-1649. Det heiter her at dersom det ikkje er gitt nærare reglar om innhaldet i fredinga, må ingen rive, flytte, bygge på, endre, byte materialar eller fargar, eller gjere andre endringar som går lenger enn vanleg vedlikehald. Dette gjeld òg for fast inventar. Dersom det er tvil om kva som er å rekne som vanleg vedlikehald, skal ein kontakte fylkeskommunen.

Etter kml § 15a, jf. § 4 tredje ledd, kan det gis dispensasjon for tiltak som ikkje fører til vesentlege inngrep i det freda byggverket. Etter Forskrift om fagleg ansvarsfordeling m.v. etter kulturminneloven § 12 nr. 2, er mynde til å gi slik dispensasjon delegert til fylkeskommunen.


Vedlikehald av freda byggverk skal så langt råd er gjerast i samsvar med opphavleg utføring, teknikk og materialbruk. Det grunnleggjande prinsippet for vedlikehald er å ta vare på mest mogleg av opphavlege eller eldre bygningselement og detaljar som kledning, vindaug, dører, listverk, geriktar og overflatebehandling.

Det er eigaren som har ansvaret for det løpande vedlikehaldet av freda byggverk. Ein kan søkje fylkeskommunen om tilskot til vedlikehald og istandsetjing.

Tinglysing

Den automatiske fredinga vert tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med kml § 5.

Oslo, - 3 MAI 2006


Nils Marstein
riksantikvar

